

▼ ANNONSE



Mowi Midt søker etter en dyktig

Assisterende driftsleder

til vårt matfiskanlegg Gulestø i Bremanger kommune

Søk på stillingen

MOWI[®]

Ber om at vindkraftutbygginga vert stoppa

Ein fleirtalskonstellasjon med Ap, V, H og SV stilte med eige forslag til høyringsuttale der dei bed om at

Jor formannskapet handsama saka torsdag.



Ein fleirtalskonstellasjon med Ap, V, H og SV stilte med eige forslag til høringsuttale der dei bed om at Bremangerlandet Vindpark vert stoppa, då formannskapet handsama saka torsdag. **FOTO: JØRN-ARNE TOMASGARD**

PUBLISERT:

05 DESEMBER 2019 13:02

SIST OPPDATERT:

05 DESEMBER 2019 13:02

Skrevet av **Jørn-Arne
Tomasgard, fjt@fjt.no**



I konklusjonen i framlegget som vart vedteke mot røystene til Magne Kjerpeset og Henny Hansen frå Sp,

heiter det: «Samla sett er vurderinga til kommunen i dag at viktige føresetnader for tidlegare vedtak ikkje er infridd og at dei negative konsekvensane ved utbygginga er større enn fordelane. Bremanger kommune ønskjer at utbygginga vert stogga og ber NVE og OED om å trekkje konsesjonen attende».

Det var i samband med høyring av planendringar for detaljplan og miljø-, transport og anleggsplan for Bremangerlandet vindkraftverk at saka var oppe i formannskapet.

Vedtøk økonomiplan med vindkraft



EKSTERN LENKE TIL ØKOLOGISK.NO

Slik er dyrevelferden i økologisk produksjon

Samstundes vart saka om søknad om dispensasjon frå arealdelen utsett med bakgrunn i at ein ville ta ting i rett rekkefølge. Sp-representantane stemte også imot dette utsettingsforslaget.

Rådmann Tom Joensen viste til at dei same politikarane nettopp hadde godkjent ein økonomiplan der inntekter frå vindparken ligg inne.

– Eg skal ikkje blande meg i det politiske, men vi har nettopp vedteke eit budsjett der dette er med, sa han.

Kritisk

Henny Hansen (Sp) var kritisk:

Saka held fram etter annonsen

- Dei fleste motstandarane bur ikkje her ein gong. Dei fleste som bur her meiner det er greitt. Vi må ta omsyn til dei økonomiske utfordringane kommunen har.

Elisabeth Birkeland Hatlenes (H) viste til lovnader gjeve i valkampen:

- Vi har vore gjennom ein valkamp der vi har lovt veljarane å gå imot dette. Då må vi står for det.